



Haustetidsvurderingar for Nordfjord i veke 37, 12. september 2022

Måndag 12. september er det teke ut nye haustetidsprøvar av Summerred, Raud Gravenstein, Raud Aroma, Eden og Asfari.

Discovery er framleis under hausting, det er ikkje teke nye prøvar denne veke.

Summerred er hausteklar på tidlege plassar mot komande helg. I hagar med for svak tynning er sorten småfallen.

Summerred

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	KO Loen			GA Vereide		M Andenes	
Adresse	Loen			Sandane		Sandane	
Prøve nr	1			2		3	
Dato	29.08.2022	05.09.2022	12.09.2022	05.09.2022	12.09.2022	05.09.2022	12.09.2022
Fruktvekt (g)	130	154	157	148	166	147	161
Avlingsnivå	3	3	3	3	3	3	3-4
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2-C3	C2	C2-C3	C2	C2-C3
Fastleik	8,6	7,5	7,4	7,9	7,6	8,0	7,5
Sukker	9,3	10,0	10,3	10,4	10,8	10,2	10,4
Stive	3,8	4,6	4,8	4,7	4,8	3,9	4,9
Streifverdi	0,244	0,164	0,149	0,162	0,146	0,201	0,147

Prøve 1 og prøve 3 har enno litt for lavt sukkerinnhald, men med vidare nedbryting av stive vil sukkerinnhaldet auke framover mot starthausting. Alle prøvane ligg i optimalområdet for fastleik og har nokså like verdiar for stive. **Starthausting fram mot komande helg.**



Summerred prøve 3:



Alle tre prøvar av Summerred har fått lysare grunnfarge og meir skinande dekkfarge siste veka. Grunnfargen skal skifte frå C2 til C3 før starthausting.



Stiveinnhald i prøve 3. Her er enno god lagringsevne i epla og fastleiken er i optimalområdet.

Raud Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16



Dyrkar	O Rake		KO Loen
Adresse	Loen		Loen
Prøve nr	1		2
Dato	05.09.22	12.09.22	12.09.22
Fruktvekt (g)	195	217	212
Avlingsnivå	2-3	2-3	2-3
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2
Fastleik	8,0	7,7	8,0
Sukker	10,7	11,0	11,3
Stive	2,0	2,9	3,3
Streifverdi	0,374	0,242	0,214

R Gravenstein prøve 2:



Fargeutviklinga er godt i gang, men framleis for mykje grønskjer i grunnfargen.



Det er enno mykje stive i Raud Gravenstein, epla er ikkje hausteklar. Ny prøvar komande veke.



Raud Aroma

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 11,2 %

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	KO Loen
Adresse	Loen
Dato	12.09.22
Fruktvekt (g)	178
Avlingsnivå	3
Grunnfarge	C2
Fastleik	7,9
Sukker	11,3
Stive	2,0
Streifverdi	0,348



Raud Aroma (Fagravoll) er enno uferdig i fargeutvikling og inneheld framleis mykje stive. Sukkerinnhaldet på 11,3% kjem til å få ein pen auke etter kvart som stivenedbrytinga held fram. Må enno hange på trea. Nye prøvar blir teke ut neste veke.




Eden

Optimalverdiar for hausting er ikkje utarbeidd enno.

Dyrkar	OR Lyslo	
Adresse	Innvik	
Dato	05.09.22	12.09.22
Fruktvekt (g)	135	159
Avlingsnivå	2-3	2-3
Grunnfarge	C1-C2	C2
Fastleik	10,1	10,3
Sukker	9,7	10,1
Stive	1,2	1,7
Streifverdi	0,863	0,601



Eden har denne veka utvikla betre dekkfarge, men som bilete under viser er stivenedbrytinga enno berre i starten. Sukkerinnhaldet vil auke mykje etter kvart som stiveinnhaldet minkar. Grunnfargen er enno for grøn og epla er harde. Frukta er ikkje hausteklar.






Asfari

Optimalverdiar for hausting er ikkje utarbeidd enno.

Dyrkar	B Tystad
Adresse	Sandane
Dato	12.09.22
Fruktvekt (g)	162
Avlingsnivå	3
Grunnfarge	C1-C2
Fastleik	7,2
Sukker	11,7
Stive	2,2
Streifverdi	0,281



Asfari er ein gul sort som utviklar litt raudskjer på solsida, men enno er grunnfargen for grøn.



Det er mykje stive att i epla, som ikkje er hausteklar.

Nye prøvar blir teke ut måndag 19. sept.

Helsing

NLR Vest

v/Rune Vereide/Synneve Øyen Frøyen (ferie til 20. sept)



Norsk **Vest**
Landbruksrådgiving